



Kristian helsar Kjartan på vegne av bygda

**Han var så nære at eg nesten kunne ta på han.
Eg har redd for at han skulle grunnstøyta i enden av Holmen.
Dette er to av utsegnene som kom etter at cruise-veteranen
Black Watch hadde pasert Uskedalen i ettermiddag
og gått tettare på bygda enn han har gjort før.
Dermed vart det også eit tettare møte mellom Uskedalen og
maskinsjefen, Kjartan Stensletten (35), som er herifrå.
På Børnes stod mellom andre den glødande
båtentusiast Kristian Olav Bringedal
og helsa på sin måte - med eit velbrukt flagg.**

Black Watch kom gjennom Storsundet frå Eidfjord og tok seg som ein skjønar svært god tid under passeringen av Uskedalen, inspirert av Stensletten. Tiltross for sine relativt unge år har han allereie vore 13 år i bransjen og bringer stolte tradisjonar vidare., Dei vart innleia av maskinsjef Einar Pile, også han i denne bransjen i mange år og den som ordna jobb for Kjartan..

Black Watch, Fred Olsens staselege veteran, vart bygd allereie i 1972, men har hatt 3 andre namn og vore ombygd 2 gonger. Han er litt under 30.000 brutto registertonn. No er han på eitt av dei tredisjonelle og populære fjordcruisene sine, med utgangspunkt i Storbritannia..Black Watch har plass til 800 passasjerar og opererar over heile verda. Båten helste Uskedalen med tre 'trompetstøyt' i 2 omgangar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



kor tett var han egentleg på Flatholm?